
Saksnr: 2021/5963-1
Saksbehandlar Stig Aasland
Dato: 23.02.2021

Til: Yrkesopplæringsnemnda
Hovudutval for opplæring og kompetanse

Frå: Fylkesdirektør opplæring og kompetanse

Fagbrev på jobb i Vestland

Fagbrev på jobb er ei opplæringsordning som vart innført frå hausten 2018. På same måte som i lærlingordninga er det ingen som har ein lovbestemt rett til å få opplæring etter den nye ordninga. Ordninga retter seg primært mot vaksne søkjarar med eller utan rett til vidaregåande opplæring. Det er bedriftene sine kompetansebehov som blir lagt til grunn for søknad om fagbrev på jobb. Fagbrev på jobb er ei vellukka opplæringsordning som bidreg til å tilføre relevant fagkompetanse, samstundes som ordninga bidreg til at ufaglærte tilsette får høve til å gjennomføra vidaregåande opplæring fram til fagbrev. I Fylkesutvalet 26.3.2020 vart det i sak PS 45/2020 gjort følgjande vedtak: *Fylkeskommunen vil inntil vidare ikkje godkjenne nye lærekontraktar om fagbrev på jobb i påvente av fylkesrådmannen si oppdaterte tilråding.* I fylkesutvalet 26.11.20 sak 223/2020 og melding 121/2020 i fylkesutvalet 10.12.2020 vart det vist til at fylkeskommunen har fått tilført statlege midlar som er øyremerka fagbrev på jobb, samt lovnad gjennom statsbudsjett for 2021 om vidareføring av tilskotet. Det er difor godkjent kontraktar etter fylkesutvalets vedtak 26.3.2020.

Kort om ordninga:

Hovudtrekka i opplæringsordninga

- Fagbrev på jobb er ei opplæringsordning på same måte som lærlingordninga og opplæringa i vidaregåande skule.
- Inntak til Fagbrev på jobb har som føresetnad at kandidaten har gjennomført grunnskulen, men det er det ingen som har ein lovbestemt rett til å få opplæring etter fagbrev på jobb-ordninga.
- Ordninga har ikkje krav om fellesfag på vidaregåande nivå.
- Ordninga har inga formell nedre aldersgrense, men sjølve innrettinga av ordninga gjer den primært til eit tilbod for vaksne arbeidstakarar.
- Inntaket til ordninga har som føresetnad at kandidaten har relevant arbeidserfaring minimum 1 år full stilling (80%) før inntak.
- Opplæringsperioden i ordninga er sett til minimum 1 år.
- Verksemda må vera godkjent som læreverksemd for å kunne teikna kontrakt fagbrev på jobb.
- Til kontrakten skal det leggast ved ein individuell opplæringsplan som dekker kandidatens opplæringsbehov ut frå kompetansemåla Vg3 i det aktuelle lærefaget.
- Det skal gå fram av den individuelle opplæringsplanen kva kompetansemål læreverksemda sjølv ikkje kan ta opplæringsansvar for. Hjelp til opplæring i desse måla kan verksemda henta frå andre verksemdar, eller frå fylkeskommunen.

- Læreverksemdene får ei årleg godtgjersle tilsvarande basistilskot II, kr 65.421,- per kandidat. Tilskotet skal mellom anna dekke ekstern bistand til opplæringa.

Status

I RS-sak til fylkesutvalet 10. desember 2020 var det lagt til grunn at fylkeskommunen i 2020 og 2021 ville få til saman 20,2 mill. kr i statlege midlar til å finansiere fagbrev på jobb. 10,0 mill. kr av desse midlane var overføring til rammetilskotet (Krisepakke 2), medan 10,2 mill. kr var tilskot til ordninga frå Kompetanse Norge. Ved årsavslutning 2020 vart det avklara at midlane frå Kompetanse Norge berre kan nyttast til å finansiere kontraktar som er godkjent etter 01.07.2020. Kontraktar som vart godkjent før 01.07.2020 må difor finansierast av fylkeskommunale midlar og overføringa av krisepakke 2 til rammetilskotet.

Kontraktar godkjent før 01.07.2020 er rekna til følgjande kostnad f.o.m. 2021:

| | i mill. kr | | |
|--|------------|------|-----|
| | 2021 | 2022 | Sum |
| Kostnad kontraktar godkjent før 01.07.2020 | 2,8 | 0,5 | 3,3 |

I tildelinga av midlar frå Kompetanse Norge i 2020 var det opna for at unytta midlar kunne overførast til 2021. Ut frå føresetnaden om overføring av til saman 10,2 mill. kr frå Kompetanse Norge for åra 2020 og 2021, at unytta statlege midlar kan overførast til året etter og ei snitt kontraktslengde på 18 månader får vi følgjande oppsett:

| | i mill. kr |
|--|------------|
| Tilskot frå Kompetanse Norge, fagbrev på jobb 2020 og 2021 | 10,2 |
| Kostnad kontraktar godkjent etter 01.07.20 (35) | 3,8 |
| Kostnad ubehandla kontraktar (45) | 4,9 |
| Kostnad nye kontraktar (15) | 1,6 |
| Sum | 0 |

Det er i oppsettet lagt til grunn at ubehandla kontraktar vert vurdert for godkjenning. I tillegg vil fylkeskommunen, innanfor rammene av midlane frå Kompetanse Norge, ha høve til å inngå 15 nye kontraktar i 2021. Inngåing av kontraktar ut over dette vil krevje auka statleg tilskot eller auka fylkeskommunale midlar.

Fylkesrådmannen må arbeida for at deler av bedriftsintern opplæring (bio-midlar) kan bidra til å dekke etterspurnaden til ordninga Fagbrev på jobb.

Moglege innskjerpingar for å auke bruken av ordninga

- Krav om arbeidspraksis

I omtala av ordninga skriv Udir blant anna følgjande:

Fylkeskommunen har ikke en plikt til å tilby fagbrev på jobb. (...) Det gjelder et minimumskrav om et års allsidig praksis i faget i fulltidsstilling for å tegne lærekontrakt. For kandidater som ikke har hatt fulltidsstilling, må praksisen regnes om til 100 prosent stilling. En 80 prosent stilling kan godkjennes som fulltidsstilling.

12 månaders arbeidspraksis er soleis eit minimumskrav. Fylkeskommunen kan setja høgare krav til arbeidspraksis for å inngå kontrakt om fagbrev på jobb. Lengre praksis betyr kortare kontraktsperiode og kortare periode med tilskot til bedrifta. Ut frå den økonomiske situasjonen vil dette kunne føra til at fleire vil kunne ta del i ordninga.. Fram til no har snittperioden på kontraktane vore på 18 månader og dei aller fleste har soleis meir enn 12 månader praksis. Likevel vil eit auka krav til praksis frå 12 månader til 24 månader kunne føre til at ein unngår svært kostbare kontraktar.

- **Prioriterte bransjar**

Fram til no har hovudvekta av kontraktar i ordninga vært innan helse- og oppvekstfag og bygg- og anleggsgfag, med høvesvis 54 og 26 prosent av totalt inngåtte kontraktar. Det er viktig å nytta denne ordninga for å dekkja arbeidslivets behov for kompetanse. Fylkesrådmannen anbefalar difor

at i sakshandsaminga av nye kontraktar skal ein prioritera bransjar med størst behov for kompetanse. Ei slik prioritering må skje etter råd frå Y-nemnda

Y-nemnda rår Fylkesrådmannen å særskilt å drøfte desse punkta med partane i arbeidslivet:

1. Vestland fylkeskommune ønsker å vidareføre ordninga med Fagbrev på jobb under føresetnad at det vert tilført statlege tilskot.
2. Vestland fylkeskommune ønskjer å auke kravet til praksis frå 12 månader til 24 månader før inngåing av kontraktar.
3. Y-nemnda må prioritere bransjar med størst behov for kompetanse.